

Høyring av utvalsrapportane knytt til sjøkabelalternativet for kraftleidning mellom Sima og Samnanger

Samrøystes vedtak i Eidfjord kommunestyre 21. februar 2011:

Eidfjord kommune syner til skriv frå Olje- og energidepartementet dagsett 4. februar 2011, med vedlagde rapportar der kommunen vert innbedne til å koma med høyringssvar innan 21. februar kl 15.00. Det vert også synt til møte i Bergen 10. februar 2011.

Eidfjord kommune aksepterer regjeringa sitt syn på realisering av luftspenn. Kommunestyret ber om at regjeringa, i samarbeid med dei råka kommunane, gjennomfører ei utgreiing som inneheld tiltak som kan kompensera for ulempene med luftlinje, i tillegg til dei 100 millionane til avbøtande tiltak.

Dersom gjeldande planar for kraftlinjeframføring vert realisert, ber Eidfjord kommune om ei mindre justering av traseen, slik at kraftleidningane ikkje kjem nærare garden Kjeåsen enn i dag. Eidfjord kommune er kjend med at Statnett har planar om fiberkabling i samband med kraftlinjeframføringa. Kommunestyret ser det som svært viktig at denne fiberkabelen vert ført ned til tettstadene langs linja. Digital infrastruktur er viktig for framtida vår.